

online.epostleser E-post Katalog



Lag ny E-post

Fra: "Kjartan Floegstad" <kjarflog@online.no>

Til: hege@anart.no

Kopi:

Emne: Spørjeundersøking FAQ-factory

Vedlegg:

Bla gjennom...

Flere...

Kjære Maria Vagle & Hege Vadstein

Takk for stilige brev etc. (dagsette 01.06.00 og 28.07(!) 00). De anar ikkje kor mykje eg har streva med å finna svar som prøvar å vera på høgde med spørsmåla i undersøkinga. Men nei, det går berre ikkje, og av og til - det er mi erfaring - må ein berre erkjenne at ein ikkje strekk til, og ta følgene av det, sjølv om eg t.d. gjerne skulle gitt til beste mitt svar på spørsmål 6.0, om den personlause handa. "La oss kalle ham U." Dette er truleg handa til den såkalla "Tungeguten", som kom til verda heilt utan hender. "I staden enda kvar av armene hans i ei glatt og skarp tunge, som ofte snakka i munnen på kvarandre." (jfr. Aa. Aavaath m.fl.: Kron og mynt. Eit veddemål, Gyldendal, Oslo 1998, s.353). Men slik gjekk det altså ikkje. Lykke til vidare med prosjektet.

Beste helsing

Kjartan Floegstad

Send

ps. kan ikkje gjere elektronisk. ds.